




FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING

1984

Årsmeldinga for 1984 er utarbeidd av vikarierende fiskerirett-
leiar Odd Sævik og saksbehanlar Johnny Kvalsund.

3388/61696

INNHALDSFORTEGNING

Kapittel	side	
1	2	Rettledningstjenestens virksomhet og funksjon
1.1.	2	Kontoret
1.2.	2	Personalet
1.3.	2	Post inng.- utg.
1.4.	3	Fiskerinemnda - møtevirksomhet
1.5.	3	Fiskerirettlederen - tjenestereiser
2	4	Nemnder og styrer
2.1.	4	Herøy Fiskerinemnd
2.2.	4	Fiskarbankens Takstnemnd
2.3.	5	Hamnenemnd for Herøy
2.4.	5	Kvalsvik Hamnestyre
2.5.	5	Eggesbønes Hamnestyre
2.6.	5	Remøy Hamnenemnd
2.7.	6	Torvik Hamnestyre
2.8.	6	Runde Hamnestyre
2.9.	6	Sandebukta Hamn- Hamnenemnd
3	7-8	Fiskarmanntalet
3.1.	9	Utbetalinger fra Garantikassen, A-trygd
	10	Garantilott
	11	Ferieordningen
	12	Ferieutbetalingen-egen-statsandel
4	13	Merkeregisteret
4.1.	14-15	Fiskeflåten i Herøy
	-16-17.	
4.2.	18	Konsesjoner i Herøy
4.3.	19	Skade på trålredskap
4.4.	20-21	Aquakultur
4.5.	22	Servise for fiskeflåten
4.6.	23	Statens Fiskarbank
4.7.	24-25	Fiskeindustrien i Herøy
4.8.	26-27	Kvantumstatistikk

FORORD

Herøy kommune, grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden, i sør mot Sande kommune.

Det er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya, og øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær med eit samla areal på 135 km². Folketalet var 8042 ved utgangen av 1984. 6 av dei 8 øyane er no knytte saman med bruar som gjer det lett vint å kome til Fosnavåg med rådhus og kommunadministrasjon.

1. Kapitel 1 - Rettledningstjenestens virksomhet og funksjon.

1.1. Kontoret

Kontoret ligger i sentrum av Fosnavåg. Lokala er nye og trivelige og med rimelig god plass. 2 kontorer + et lite arkivrom tilsaman ca 60 m². Eit av kontora er såpass stort at det kan nyttast til møterom for fiskerinemnda. Utstyret er det vanlige som er naudsynt for det arbeide som utførast.

1.2. Personalet

Personalet har i 1984 vore Fiskerirettleiar Ragnvald Vågsholm og kontorassistent/sakshandsamar Johnny S. Kvalsund. Kvalsund har vore ansatt og løna med midlar for arbeidsmarknads-tiltak.

1.3.

Av inngående brev kom det til kontoret 600 stk, utgåande ble det registrert 964 stk.

1.4. FISKERINEMNDA-MØTEVIRKSOMHET

Det er holdt 33 minimøter for behandling av meir kurante saker som ikke kravde fulltallige nemndsmøter. Då møtte formann/nestformann eller ein av medlemmane i nemnda.

Det er holdt 5 fulltallige nemndsmøter i perioden.

Det blei handsama 82 saker av ymse slag med ei samla møtetid på 62 timar.

1.5. FISKERIRETTLEIAREN-TJENESTEREISER UTENFOR RETTLEDERSONEN

- 24.02. Ålesund - Budsjettmøte
- 23.05. Ålesund - Deltaker sikkerhetskoneranse
- 24.09. Trondheim - Fiskerimesse
- 13.11. Geiranger - Kurs (Fiskeridirektoratet)
- 03.12. Ålesund - Årsmøte Sunnmøre Fiskarlag

Kapittel 2, nemnder og styrer.

2.1. Herøy Fiskerinemnd 1984-87.

Medlemer:

1. Odd Sævik, formann
6094 Leinøy
2. Arnt Leinebø, nestformann
6094 Leinøy
3. Otto Kalland, 6096 Runde
4. Palmar Kleppe, 6080 Gurskøy
5. Arne Sævik, 6094 Leinøy

Personlege varamedlemer:

1. Inge Nærø, 6094 Leinøy
2. Knut P. Sævik, 6094 Leinøy
3. Reidar J. Remøy, 6094 Leinøy
4. Hans Petter Leine, 6094 Leinøy
5. Einar Nerland, 6094 Leinøy

2.2. Fiskarbankens Takstnemnd

Medlemer:

- Odd Sævik, formann
6094 Leinøy
- Knut Sævik, varaformann
6094 Leinøy
- Birger Skuggen, 6090 Fosnavåg

Varamedlemer:

1. Reidar J. Remøy, 6094 Leinøy
2. Johannes Bj. Eggesbø,
6092 Eggesbønes
3. Arne Jøsok, 6080 Gurskøy

Hamnenemnder og -styrer i Herøy.

2.3. Hamnenemnd for Herøy i 1984.

Medlemer:

Johannes Bj. Eggēsbo, formann
Ragnvald Vågsholm, nestformann
Hans K. Goksøy
Reidar Remøy
Odd Sævik

Personlege varamedlemer:

1. Arnt Leinebo
2. Jan Magne Kvalsvik
3. Arne Sævik
4. Reidar Hole
5. Marit Skogen

2.4. Kvalsvik Hamnestyre 1984.

Medlemer:

1. John I. Kvalsvik
2. Erling Monsen
3. Ragnar Skår

Personlege varamedlemer:

1. John G. Kvalsvik
2. Jahn Magne Kvalsvik
3. Odd Grunnan

2.5. Eggesbønes Hamnestyre 1984.

Medlemer:

1. Paul Ragnar Kvalsund
2. Ludvik R. Hjelmeseth

Personlege varamedlemer:

1. Anton Eide
2. Alf Eggesbo

2.6. Remøy Hamnenemnd 1984.

Medlemer:

Charles Remø
Reidar Remøy
Per A. Sævik

Varamedlemer:

1. Kjell O. Remøy
2. Sverre Toft
3. Oddvar Sævik

2.7. Torvik Hamnestyre 1984Medlemer:

1. John Frøystad
2. Ivar Storvik

Personlege varamedlemer:

1. Petter Ytrebø
2. Hans H. Steinsvik

2.8. Runde Hamnestyre 1984Medlemer:

1. Øystein Østensen Goksøyr
2. Georg H. Runde

Personlege varamedlemer:

1. Ola Goksøyr
2. Einar Runde d.y.

2.9. Sandebukta Hamn - Hamnenemnd 1984

Hans Sande
Arnold Voldsund
Bjørn Sande

Kapittel 3. Fiskarmanntalet.

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle som bur i riket og har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir også nytta mhp. tilståing av spesielle rettar og/eller støtteordningar som vert gjorde gjeldande overfor fiskarar og fangstmenn.

Det viser seg at det er stendig meir attraktivt å stå på fiskarmanntalet. Det er "biletten" ein fiskar må ha for å oppnå dei goder som tilkjem fiskarane, med subsidier, konsesjonar og rettar i fiske, sjukelønn og andre sosiale ordningar.

Innmeldingar på tilleggslista blad B, spesifisert på aldersgrupper

år 20 år og under 21-30 31-40 41-50 over 50 totalt

år	20 år og under	21-30	31-40	41-50	over 50	totalt
1982	24	10	2	6	2	44
1983	18	14	5	6	4	47
1984	32	18	10	3	3	66

Utviklinga i antall fiskarar i Herøy totalt på blad B, fordelt på aldersgrupper for åra -82,-83,-84.

	20 år og under		21-30		31-40		41-50		over 50 år		totalt	
	ant.	%	ant.	%	ant.	%	ant.	%	ant.	%	ant.	%
1982:	49	9,0	166	30,5	107	19,7	101	18,6	120	22,0	543	100
1983:	65	11,5	168	29,5	120	21,0	95	16,7	127	16,3	569	100
1984:	53	8,7	203	33,6	126	20,9	100	16,6	121	20,1	603	100

Reglane for å stå på blad B er strenge, det krevst bl.a. at vedkommende antas å få minst 20 vekers fullbeskjeftigelse i fiske og fangst.

For å stå på blad A er reglane meir vidtfemnande, særleg for å gje rett til opptak for eldre pensjonerte fiskarar og dei med uførepensjøn opptil 100% uføregrad.

På blad A er det i 1984 ført inn 76 personar mot 75 i 1983.

På blad B var det heile 32 personar eller nesten 50% av nyinnmeldingane i 84 under 20 år.

Også gruppa 21-30 år hadde mange ny innmeldingar med 18 personar eller 37% av totalen.

Tala viser at det er ei svært god rekruttering til fiskaryrket i Herøy, og det kan vel tilskrivast det gode fiskarmiljøet. Det lovar godt for Herøy som fiskerikommune i framtida.

Følgende tabeller viser utbetalinger til fiskere i Herøy fra Garantikassen for fiskere i Trondheim. Utbetalingene gjelder for årene 1981-82-83-84. Det er bare fiskere som er oppført på blad B i fiskermanntalet som er berettiget til ytelser fra Garantikassen.

Det er jo forskjellige refleksjoner man kan gjøre seg ved å studere tabellene nærmere, men vi kommenterer ikke tabellene utover det som kan leses ut av tallene.

Arbeidsledighetstrygd for fiskere

GARANTI PERIODE	1981			1982			1983			1984		
	BELØP	ANTALL KRAV	DAGER	BELØP	ANTALL KRAV	DAGER	BELØP	ANTALL KRAV	DAGER	BELØP	ANTALL KRAV	DAGER
1	199.996	58	1296	294.689	140	1877	194.052	73	1236	229.788	116	1524
2	26.847	22	171	405.531	173	2583	201.025	87	1294	375.387	162	2391
3	126.699	42	807	187.772	87	1196	137.827	56	897	117.122	62	746
SUM	353.542	122	2274	887.992	400	5656	532.904	216	3427	722.297	340	4661

GARANTILOTT - BELØP I 1000 KR

Garanti- periode	TORSK SEI HYSE			SILD LODDE MAKRELL			LAKS KVEITE STØRJE BRUGDE HVAL			SKALLDYR			SUM		
	BELØP	ANTALL FART.	MANN	BELØP	ANTALL FART.	MANN	BELØP	ANTALL FART.	MANN	BELØP	ANTALL FART.	MANN	BELØP	ANTALL FART.	MANN
1981															
1.	35,7	2	5	84,4	2	17							120,1	4	22
2.	67,2	6	10	6,2	1	2	132,7	7	26				206,1	14	39
3.	680,4	28	81	186,4	6	41	11,0	1	1	4,5	1	1	882,3	36	124
Sum	783,3	36	96	277,0	9	60	143,7	8	27	4,5	1	1	1.208,5	54	199
1982															
1	148,3	11	29	4	1	1							148,7	12	30
2	182,6	10	33	58,1	5	14	28,1	2	6				268,8	17	53
3	305,8	20	44				11,0	1	1	101,5	12	14	419,3	33	58
Sum	636,7	41	106	58,5	6	15	39,1	3	7	101,5	12	14	835,8	62	141
1983															
1	196,3	21	25										196,3	21	25
2	184,4	13	25	38,8	2	10	24,9	1	2				248,1	16	37
3	467,8	31	55	58,5	2	7				8,3	1	1	534,6	34	63
Sum	848,5	65	105	97,3	4	17	24,9	1	2	8,3	1	1	979,0	71	125
1984															
1	246,5	19	38	8,9	1	2							255,4	19	40
2	202,4	14	33	48,3	2	6							250,7	16	39
3	45,0	5	11	84,3	2	10	41,7	1	10	51,5	6	9	222,5	14	40
Sum	493,9	37	82	141,5	5	18	41,7	1	10	51,5	6	9	728,6	49	119

OPPTJENT DRIFTSTID I FERIEORDNINGEN FOR FISKERE FORDELT PÅ ANTALL FISKERE

KOMMUNE	U K E R						
	I	20-24 I	25-29 I	30-34 I	35-39 I	40-44 I	45-52
1981 HERØY		52	68	92	77	74	125
1982 HERØY		86	85	121	78	58	39
1983 HERØY		56	79	65	75	79	105
1984 HERØY		35	41	63	98	91	146

FERIEUTBETALING
FORDELING AV EGEN- OG STATSANDEL

KOMMUNE	I ANTALL I PERSONER	I EGENANDEL I GJ.SNITT	I STATSANDEL I GJ.SNITT	I SUM I GJ.SNITT	I
1981 HERØY	488	1.613.384 3.306	927.340 1.900	2.540.724 5.206	I
1982 HERØY	467	1.770.141 3.790	1.372.773 2.939	3.142.914 6.730	I
1983 HERØY	459	1.620.960 3.531	1.454.932 3.169	3.075.892 6.701	I
1984 HERØY	474	2.095.197 4.420	1.593.830 3.362	3.689.027 7.782	I

Fiskeflåten i Herøy 31.12.1984. Storleik og byggeår/avgang/tilgang 1984

Lengde i M	Ant. fartøyer			Byggeår								Etter 1980 *
	Status pr. 1.1.	Avgang	Tilgang	Status pr. 31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	
0,0 - 4,9 M	6	1	--	5					1		3	1
5,0 - 9,9 M	270	10	15	275	3	5	10	50	38	55	65	49
10,0 - 14,9 M	27	1	-	26	-	1	2	3	5	3	5	7
15,0 - 19,9 M	5	-	1	6	3			2				1
20,0 - 29,9 M	8	2	1	7	1		1	4			1	
Over 30,0 M	29	2	2	29		2	2	9	5	1	10	
Totalt	345	16	19	348	6	8	15	68	49	59	84	58

*) I 1985 vil denne kolonnen få betegnelsen 1980-1984

4.1. FISKEFLÅTEN I HERØY

Fiskeflåten i Herøy er stor og variert. Den omfatter båtar og bruksklassar som er vanlig i norsk fiske.

Flåten i Herøy auka totalt med 3 fartøy i 1984. To av ringnotfartøya vart seld til utlandet. Eit vart erstatta ved innkjøp av eit forholdsvis nytt fartøy og i tillegg vart eit eldre ringnotfartøy innkjøpt til kommunen.

Kystfiskeflåten fekk ein tilgang på 15 fartøy, mens 10 gjekk ut av merkeregisteret.

Lov om registrering og merking av fiskefartøy er framleis av eldre dato, og ikkje retta opp så den samsvarar med utviklinga i fiskeria. Framleis gjeld i hovudsak lova fra 1917 med små endringar frå 1948 og 1953.

Det hastar no med å få gjennomført klare lovreglar for innføring av fartøy i merkeregisteret. Dei noverande reglane er uklare og det blir ofte eit skjønnsspørsmål for merkelovens tilsynsmann om ein båt skal førast inn i registeret eller ikkje. Dette gir rom for forskjellsbehandling og tilsynsmannen får ofte grensetilfelle til behandling som er vanskelig å hanskas med.

Også i forhold til ulike subsidieordningar for fiskeflåten vil det i mange tilfelle oppstå eit misforhold, ved at mange båtar urettmessig er registrert som fiskebåtar, mens dei i realiteten er hobbyfiskebåtar.

RINGNOTFLÅTEN

Ringnotflåten er den dominerande flåtegruppe i Herøy.

Etter Austevoll er Herøy den nest største i landet.

Ringnotmiljøet i Herøy er særst godt, og har hatt mykje å seie for den ekspansjon som har vore i flåten.

Dei fleste ringnotbåtane driv ringnotfiske i kombinasjon med Kolmuletråling.

I 1984 vart 2 ringnotbåtar selt til utlandet. Den eine vart erstatta med ein moderne ringnotbåt og den andre vart kontrahert som nybygg for levering sommaren 1985.

Det vart innkjøpt ein eldre ringnotbåt fra Nord Norge.

Totalt er det no 16 ringnotbåtar i Herøy.

Konsesjonsvolumet for ringnotflåten er no på 129650 hl.

Samla fangst for ringnotflåten i Herøy for 1984 var på kr121.321.763,-

Utanom administrasjon og landbaserte ringvirkningar skaffa dei arbeid til ca 218 mann på heilårsbasis.

INDUSTRITRÅLERFLÅTEN.

I 1984 var det sju båtar i denne flåten. Båtane er alle stål-båtar og tidligare ringnotbåtar. Dei driv industritråling meste-delen av året, og loddetråling med flytetral om vinteren. I 1984 vart det åpna for tråling etter norsk vårgytande sild for båtar med industritrålkonsesjon. Kvotane var små, men for dei som kom på tårn var det ikkje problemar med å ta kvoten.

Ellers var det økonomiske resultatet for industritrålarane ujamnt, men det visar seg at for dei båtarane med godt utstyr og sterke motorar var resultatet bra.

BANKLINE-/GARNFLÅTEN.

Flåten består av 8 båtar. Derav 5 stålbåtar. 1 båt er utstyrt med autoline.

Båtene veksler med garn og line og driver i EF-sonen, norsk sone og i Barentshavet.

I 1984 var det heller dårlige priser på bankfisk og tildels perioder med treg omsetning av fangstene. Dette tok seg opp mot slutten av året med stigende prisar og etterspørsel.

REKETRALERE

Gruppen består av 3 rekefrysetralere. En av dem er en innkjøpt engelsk hekktråler som har gjennomgått en fullstendig ombygging. Den er idag en av de største og mest moderne rekefrysetralere i Norge.

Det er i løpet av året innkjøpt en ferskreketråler med konsesjon til kommunen.

Fisket foregår ved Grønland, Jan Mayen, Svalbard og i Barentshavet. Resultatet for rekefrysetralarane har vore godt, mens ferskreketrålarane har vore hemma av harde kvoteordningar og vanskelege leveringsforhold.

Ulike kombinasjonsbåtar av eldre type.

Det er 7 båter i denne gruppa det er helst eldre trebåtar. Drifta er variert. Det er ein, som driv kvalfangst kombinert med garnfiske. Ellers er det brugdefangst, sildenot og snurtevad som er driftsgrunnlaget for desse båtane.

KYSTFISKEBÅTAR.

I tal er dette den største flåtegruppa i kommunen. Ca 80 % av båtane er under 30 fot og ca 20 % er over 30 fot. Driftsintensiteten er og varierende. Av ca 140 båtar har 17% drift over 30 veker, ca 25% mellom 15-30 veker og ca 54% under 15 veker og 4% uten registrering.

Den heilårsdrevne kystfiskeflåten i Herøy består av båtar mellom 30-40 fot. Flåten er modernisert og i god stand, og er gode arbeidsplassar for dei som eig og driv desse båtane.

Hovedfisket er vintertorskefisket og ellers linefiske på mørefelt. Strenge reguleringar innan torskefisket og mindre fisk på lokale linefelt og lave prisar reduserte lønsemda betraktelig for disse båtane i 1984.

I løpet av hausten 1984 vart det bra værforhold og lineflåten fekk bra driftsforhold som retta opp resultatet på årsbasis.

Akkarfiske som år om anna har vore ei bra inntektskilde for dei mindre båtane var heller dårleg denne hausten.

Oppgaven nedenfor viser eit nokolunde bilete for linedrifta for dei båtane som driv eit regulært linefiske.

Dette er båtar med 1 og tildels 2 manns besetning.

Totalt	2.704.118 angler	Fangst	453.397 kg
Gj.snitt	142.322 angler	fangst	23.863 kg

Det er tatt med 19 båtar som er rekna for å driv et nokonlunde regulært linefiske.

Men det er tildels store variasjoner sjølv blant desse.

I tillegg er det mange som driv linefiske meir sporadisk. Dette er fiskarar som er mannskap på t.d. ringnotbåtar, som har opphald mellom sesongane eller som har skiftordning e.l.

4.2. KONSESJONAR I HERØY.

Følgende konsesjoner og løyver innehas av fiskeflåten i Herøy.

- 16 stk Ringnot, 11 stk kombinert m/kolmuletråling. 2 stk med industrietrål.
- 3 stk Fryserekretrål, kombinert med loddetrål. 1 med løyve for konsumfiske sør for 65⁰N.Br.
- 1 stk Ferskreketrål, kombinert med loddetrål.
- 7 stk Industrietrål, alle kombinert med loddetrål
- 2 stk Brislingnot
- 1 stk Kval
- 1 stk Drivgarnsfiske etter laks
- 4 stk Sildenot (kystnot).

4.3. SKADE PÅ TRÅLREDSKAP GRUNNA OLJEVERKSEMDA I NORDSJØEN.

Omsøkt skadebeløp 1984	336.104,-
Innvilga	278.830,-

Antall fartøy med skader 5

Det var 17 søknader og derav blei 13 innvilga.

Omsøkt skadebeløp i 1983	1.044.260,-
Antall skader i 1983	32

I 1984 gjekk skadane på trålredskap betraktelig ned i høve til åra før. Det er forskjellig meiningar blant fiskarane om årsaken til denne utviklinga. Dei peikar mellom anna på at festa er betre kjende. Det har og vore reinska opp på botnen ymse plassar, og dette har vel og hatt ei positiv verknad på skadane.

Det er vel og mykje sannsynleg at dumping av skrot fra supplybåtar og andre farty i oljeverksemda har minka betraktelig.

Samanlikna med 1983 vart antall skadar nesten halvert og skadebeløpet som vart utbetalt vart 1/3 del.

I det heile tatt ei positiv utvikling.

4.4. AQUAKULTUR

Oppdrettsanlegg

År	Ant. anlegg	volum	tonn	mill. kr
1983	1	5000m ³	år laks	laks
1984	2	13000m ³ (8+5)	1984 136	5,07

Det er dessutan etablert anlegg for oppdrett av østers som har vist gode oppvekstforhold.

Herøy fekk tildelt 1 konsesjon for oppdrettslaks i den siste konsesjonsrunden.

Det var i Herøy i alt 24 søknader.

Lokaliseringa på dei omsøkte anleggavar 11 stk på Holmefjorden/Leinevika, 2 i Torvika, 3 på Leikong, 5 på Nautøy, Røyrasundet, Sandvika, 2 på Eggesbønes og 1 på Sandebukta.

Fleire av lokalitetene var i dei områda som forurensingstilsynet hadde innvendingar mot.

Det blei tatt opp forhandlinger mellom miljøvernavingdelinga i fylket, Herøy og Ulstein kommune om ei gransking av desse områda. Resultatet var ein resipientundersøkelse av fjordområdet mellom Gurskøy og Hareidlandet.

Fjordundersøkelsen har som mål å undersøke tilstanden i fjordområdet mellom Gurskøy og Hareidlandet, og gi en vurdering av den kapasiteten som de enkelte deler av området har for å motta utslipp av kommunalt avløpsvann, avrenning fra jordbruk og forurensing fra aqvakulturanlegg.

Undersøkelsen blir spesielt rettet mot eventuelle oksygenproblemer i bassengene.

To ganger pr måned måles temperatur og saltholdighet med salinoterm (en sonde) fra overflate til botn.

En gang for måneden tas vannprøver for analyse av fosfor og nitrogenforbindelser fra 0-2 m dyp.

Annenhver måned tas vannprøver for bestemmelse av oksygeninnhold i dypvannet på utvalgte stasjoner.

På alle stasjoner og tokt måles siktedyp, bølgehøyde og værforhold noteres.

I to perioder hver på ca 1 måned, har det vore undersøkt strømforhold i ca 0-2 m dyp, ved at selvregistrerende strømmålere har vert plassert på 3 stasjoner.

En undersøkelse av bløtbunnsfaunaen vart utført i mai 1984. Resultatene vil kunne gi opplysninger om hvilke bassenger som de siste 2-3 år har vært utsatt for oksygensvikt. I forbindelse med innsamling av bunnfauna ble det tatt sedimentprøver på utvalgte stasjoner. Prøvene analyseres for innhold av organisk stoff, fosfor og nitrogen. Videre bestemmes kornfordelingen.

Sluttrapport for prosjektet er ikke ventet før årsskiftet 1985/86, men allikevel vil en forvente en tilstandsrapport en tid etter at prosjektet er avsluttet, i slutten av mars 1985.

I begynnelsen var det 8 stasjoner hvor det ble tatt prøver fra, men ble senere utvidet med en stasjon for Sandvika, og en for Borgarøya.

Fjordområdet mellom Ulstein og Herøy kommuner er av interesse for etablering av fiskeoppdrettsanlegg.

Området består av flere bassenger, der grunne og smale forbindelser er til hinder for vannutskiftingen.

Undersøkelser i 1981 og 1982 utført av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, har vist at det i perioder med dårlig vannutskifting kan opptre betenkelig lave oksygenkonsentrasjoner nær bunnen i Haddalsvika og Botnvika.

Fra fiskeoppdrettsanlegg vil det være utslipp av organisk stoff, fosfor og nitrogen som i utgangspunktet kan tenkes å forverre oksygenforholdene i de aktuelle bassengene.

Etter opplæring av Molvær og Bække fra NIVA (NIVA står for Norsk Institutt for vannforskning og er en statlig organisasjon som ligger i Oslo) har undersøkelsene (tokta) vore gjennomført av Andre Gjerde fra teknisk etat i Ulsteinvik og Fiskerirettleiar Jan Petter Mork i Ulstein, og frå Fiskerirettleiar kontoret i Herøy har Johnny S. Kvalsund deltatt som medhjelpar og observatør for Herøy Kommune.

4.5. SERVISE FOR FISKEFLÅTEN

Herøy har eit skipsverft som driv kombinert skipsbygging og reparasjon. Dette ligg i Fosnavåg.

Verftet har i hovudsak dreve med ombygging. I dei seinere år har verftet basert verksemda på reparasjon og ombygging. I 1984 kjøpte verftet inn ei flytedokk som blei lagt på Eggesbønes. Samtidig blei "gamleslippen" modernisert, så verftet stetter no behovet for slippsetting og dokking for fiskeflåten i Herøy. Det er å håpe at fiskeflåten i Herøy no gjer seg nytte av tilbodet og soleis er med å sikre arbeidsplassane til dei einaste verftet i kommunen. Ellers er det fleire små verksemder i kommunen med mindre slippar som betjener småbåtflåten.

Elektrisk/elektronisk servise.

Det er eit aukande behov for vedlikehald på elektriske og elektroniske apparat i fiskeflåten. Sjølv på mindre farty er det no mykje som krev ettersyn og vedlikehald. I Herøy er det 2 forretningar som driv med dette. Det er sannsynleg at det er større behov enn tilbod på dette området.

Fiskeredskap.

I Herøy er det 2 store og veletablerte notbøteri. Eit i Fosnavåg og eit på Eggesbønes. Verksemda i Fosnavåg driv og med flytetral og botnatrål. Særleg for industritrålere, kolmule-og reketralere. Verksemda i Fosnavåg er no modernisert med nytt bøteloft og not-siloar. Dei har og servise for redningsflåtar.

Det er to reidskapsfabrikkar i Herøy. Desse produserer tau og garn og har eit allsidig assortement. Fabrikkene er topp moderne og med store maskinparkar.

Bøteria og reidskapsfabikkane sysselset på snitt ca 55 personar, ein stor del av desse er kvinner.

Regnskap/administrasjon.

Nokon få rederi har eigne administrasjonskontor, men dei fleste leiger teneste ved etablerte regnskapskontor. I Herøy er servisen godt utbygd på dette felt. Ein bank eig det største kontoret, og uten forkleinelse for nokon kan ein vel seie at kontoret har vært ein medvirkende årsak til det gode ringnotmiljøet i Herøy.

4.6. STATENS FISKARBANK

Arbeidet med søknader til Statens Fiskarbank, avd Alesund utgjør en stor del av arbeidsmengda ved kontoret.

Totalt var det handsama 48 saker av alle slag i 1984 mot 57 søknader i 1983.

Det reduserte talet på søknader gjer seg gjeldande for mindre båtar (sjarkar). Det er framleis oppmoding til avdelingsstyra om å vise varsemd med lån til denne gruppa av båtar.

Også søknad om avdragsutsettelse har gått ned fra 20 i 1983 til 16 i 1984.

Ringnotflåten kom også betre ut av det i 1984 så trangen om utsettelse var mindre for denne gruppa.

1984 Tabell over omsøkte og innvilgede lån i Sttens Fiskarbank

Ant.	Søknadstype	Omsøkt	Innvilget	Innvilgesesgrad i %
5	Nytt fartøy	65.375.000,-	16.000.000,-	24,47
4	Brukt fartøy	10.606.500,-	7.913.060,-	74,61
8	Rep. av skrog/ motor	10.598.000,-	5.000.000,-	47,18
1	Ny motor	35.000,-	-0,-	-0-
2	Utstyr	600.000,-	300.000,-	50,0
5	Fiskeredskaper	1.510.600,-	1.270.000,-	84,07
25	Totalt 1984	88.725.100,-	30.483.060,-	34,36
17	Avdragsutsett.		16	94,12

4.7. FISKEINDUSTRIEN I HERØY

Herøy har en stor og variert fiskeindustri.

Det er 5 verksemder som produserer hovudsakeleg salt/klipp-og tørrfisk.

Det er 2 hermetikkfabrikker, 1 større fryseri, 1 ferskfisk/fryseri, 3 røykeri og 1 sildoljefabrikk.

I kvantum er sildeoljefabrikken på Moldtu størst, og tok i mot 81000 tonn råstoff i 1984.

Fabrikken er av de mest moderne i landet og har utstyr for produksjon av spesialmjøl.

Dei to hermetikkfabrikkane produserer middagshermetikk og sardiner og spesialprodukt.

Fosnavåg Fryseri driv ei allsidig verksemd. Mottak og salg av reker er viktig. Ellers produserer dei kvalkjøt, saltfilet og produkt av ulike slag for eksport og innenlands konsum. I tillegg leverer anlegget is og agn, og den eine av lineegnesentralane er knytta til anlegget.

Eit mindre ferskfisk/fryseri/filetanlegg ligg også i Fosnavåg. Dette anlegget leverer ein god del råstoff til hermetikkfabrikkene, men driv og utstrakt produksjon av ferskfisk og frosne gryteferdige fiskeprodukt.

Dei 3 røykeria i kommunen driv i hovudsak med røykte produkt av sild og makrell for eksport.

Den eine verksemda driv og med saltfiskproduksjon og med eksport på innenlandsmarknaden av fersk sild.

Vintersilda har etter kvart fått aukande betydning som råstoff for røykeria, og denne utviklinga vil truleg fortsette.

Kvantumsmessig og i antall verksemder er saltfisk/klippfisk-og tørrfiskbransjen den viktigaste i Herøy kommune innan konsumfisk. Krisa i tørrfisknæringa har gjort situasjonen vanskeleg for enkelte bedrifter. Mens det vart oppsving for salt/klippfisk på slutten av 1984.

Tabellen viser antall årsverk i fiskeindustrien i Herøy og kvantum i 1000 tonn og millioner kroner.

Arsverk beregnes med for menn: 1.581 timer, for kvinner: 1.284 timer

Heltidsansatte			Sesongansatte			Antall årsverk		
Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
111	65	173	23,5	28,5	52	128,1	87,6	218,7

Kvantum mottatt

I tonn: 90.504

I kroner: 90,8mill.

4.8. KVANTUMSTATISTIKK OVER FISK OG SKALLDYR ILANDBRAKT I HERØY I 1984. I TONN RUND VEKT OG 1000KR.

					TOTAL	
	1.Kvartal	2.Kvartal	3.Kvartal	4.Kvartal	Tonn	1000 Kr
TORSK	1190 -5621	440 -2132	58 - 414	20- 94	1708	8261
SEI	904 -1993	1370 -2731	625 - 1017	134 -243	3033	5984
HYSE	65- 236	38- 133	56- 198	27- 108	186	675
STEINBIT	5- 7	0- 0	16- 37	1- 2	22	46
BLÅKVEITE	12- 53	0- 0	0- 1	5- 29	17	83
BROSME	551- 1624	278- 945	618- 2313	38- 131	1485	5013
LANGE	86- 372	207- 1032	299- 1491	18- 80	610	2975
UER	0- 1	0- 1	8- 17	2- 7	10	26
ANNET	25- 227	26- 97	49- 596	51- 139	151	1059
SKALLDYR	121- 916	918-11486	291- 2322	958-9858	2288	24582

TALLENE ER FORELØPIGE OG MÅ BRUKES MED FORBEHOLD

KVANTUMSTATISTIKK OVER "SILDESEKTOREN" ILANDBRAKT I HERØY I 1984. I TONN RUND VEKT OG 1000 KR.

	1.Kvartal	2.Kvartal	3.Kvartal	4.Kvartal	TOTAL	
					Tonn	1000 Kr
LODDE	2864- 2202	0- 0	20436-12918	23- 90	23323	15210
MAKR./PIR	0- 0	0- 0	10956- 9142	4300- 3878	15256	13020
BRISLING	59- 164	0- 0	14- 47	0- 0	73	211
KOLMULE	11851- 5867	18493- 7645	101- 46	4217- 1844	34662	15402
SMÅSILD	0- 0	0- 0	2- 1	0- 0	2	1
FEITSILD	0- 0	276- 875	1- 1	56- 373	333	1304
VINTERSILD	826 1756	8- 17	0- 0	0- 0	834	1773
NORDSJØSILD	0- 0	3087- 2583	38- 22	0- 0	3125	2605
ANNET	394- 206	247- 123	433- 212	457- 232	1531	773

TALLENE ER FORELØPIGE OG MÅ BRUKES MED FØRBEHOLD